



Til medlemmane i NLT Sunnfjord

## Infoskriv

Det nærmar seg årsslutt og det hastar etterkvart å få inn alle **timelister for 2015**. På vedlagte kontoutdrag ser du kva som er ubenyttede av tilskotet, i høgre hjørne. Hugs å trekke vekk påslaga, sjå info om utrekning på heimesida vår. Du finn det under fana Lønn.

Vi har to ordinære utlønningar til før jul, med frist for innlevering av timar den 5. i mnd.

I år **MÅ ALLE TIMAR LØNNAST FØR NYTTÅR**, p.g.a A-melding. **VIKTIG**

I tillegg vert det ein siste frist for å levere timelister, 18. desember, så til då må absolutt alt som skal utlønnaast for 2015 vere innlevert.

Vi ser ein tendens til at ein ventar til siste liten med å levere. For å lette litt på arbeidsmengda her på ktr oppfordrar vi dei som kan ha det klart før, å levere snarast ☺

Nytt av året var m.a at alt avløyarsartilskot både det som gjeld sjukdom og ferie og fritid, no vert utbetalt direkte til bonden. Vi har tidlegare informert om dette, og oppfordra alle til å føre over til laget det tilskotet som vart utbetalt i juni. Det betyr vidare at all skuld til laget fortløpande skal innbetalast til vår konto **3841 05 00601**

## Utanlandske arbeidrarar

Bekjemping av MRSA (gule stafylokokkar) For å bekjempe denne smitta i Noreg må alle som har utanlandske arbeidstakarar sørge for at dei vert testa før dei startar å jobbe. Vi vil også minne om karantenetida, som er **48 timar** viss du har hatt kontakt med husdyr i andre land. Tell timane frå tidspunktet du kjem tilbake til Norge. Les meir om dette på Facebook/nettsida til NLT Sunnfjord.

Vedlagt finn du eit **HMS skjema** som må underskrivast og returnerast. Dette skjemaet vart utsendt ved årsslutt i fjor, har du levert er det berre å sjå vekk frå dette. Dykk som ikkje har levert må snarast få gjort dette. Arbeidstilsynet forlangar at vi skal ha dette skriftleg. Nye medlemmar må også skrive under.

*Vi har no «kursa» oss i bruk av webtemp, eit elektronisk basert program som m.a vil gjere det mogleg å sende/godkjenne timelister elektronisk. Litt småting gjenstår, men vi håpar å ta dette i bruk frå nyttår*

*Informasjon om dette kjem på våre heimesider og Facebook sida vår.*

Vi har litt ledig kapasitet på landbruksvikarane fram mot jul, så det er berre å ta kontakt på  
**Tlf. 90 70 68 30 dag/kveld/helg**

Med helsing  
Sunnfjord landbrukstenester  
<http://www.landbruk.org/>  
Kari Stokkebekk



### **Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS)**

NLT Sunnfjord vil i dette skriv presisere og bekrefte ansvarsforhold for alle avløysarar/ansatte som vi betalar lønn til.

Vi viser til vedtekter som slår fast at det er Dykk bønder/oppdragsgjevarar som har HMS ansvar for arbeid utført hjå Dykk.

Ansvaret inneber blant anna:

Opplæring av dei som jobbar hos deg på eit språk kvar enkelt forstår. Hugs å dokumenter opplæring og oppbevar i internkontrollen.

Utlevering av verneutstyr som trengs for å utføre jobben.

De må ivareta arbeidstidsbestemmelsane i Arbeidsmiljølova §10. De finn link til denne på vår heimeside. Hugs å markere overtid (§10.6) på timelistene. Arbeidsmiljølova seier når ein har krav på pausar §10.9

Foreta ein risikovurdering av dei arbeidsoppgåver som avløysar og du sjølv utfører, dokumenter så i internkontrollen.

Bevisstgjer deg sjølv og avløysar i bruk av avviksskjema, slik at ulukker kan unngåast.

Avviksskjema finn du på vår heimeside.

Vårt felles mål er ein sikker arbeidsplass utan arbeidsulukker.

Vårt verneombud heiter Jonny Lofnes, tlf 97 06 30 34

Vår webadresse: [www.landbruk.org](http://www.landbruk.org)

Vi ber deg om å signere dette skjema og returnere til oss snarast.

Med vennlig helsing  
NLT Sunnfjord  
Kari Stokkebekk  
Dagleg leiar

\_\_\_\_\_  
Signatur bonde

\_\_\_\_\_  
Namn med blokk bokstavar